



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	964 009 805
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET
Forretningsadresse:	Strengjarhaugen 6 5704 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Jo Asgeir Lie
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	07.03.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 04.08.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Inntekt av kursopphald		495 100	409 000
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		460 000	495 000
Tilskot frå UFD		2 878 000	2 839 000
Tilskot frå Kulturdepartementet		6 415 000	6 290 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		1 130 904	873 222
Sum inntekter		11 504 004	11 031 222
Kostnader			
Lønn, feriepengar	1	5 038 025	4 913 641
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 340 764	1 253 241
Avskrivningar	2	53 000	53 200
Honorar innleigde tjenester	1	1 351 111	1 141 200
Husleiga	6	2 105 114	1 764 000
Læremidler, utstyr		86 650	106 134
Honorar rekneskap, revisjon		162 973	152 042
Kontorrekvisita, telefon, porto		94 282	99 150
Litteratur, musikk, instrument		28 742	39 636
Reise og møtekostnader		1 312 969	922 813
Bil- og diettgodtgjersle		55 809	49 630
Diverse kostnader		98 726	103 633
Annan driftskostnad		23 751	12 704
Sum kostnader		11 751 914	10 611 024
Driftsresultat		-247 910	420 198
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		10 211	7 789
Annen finansinntekt		9 292	9 356
Sum finansinntekter		19 503	17 145
Annan rentekostnad		669	2 006
Sum finanskostnader		669	2 006



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Netto finans		18 834	15 139
Ordinært resultat før skattekostnad		-229 076	435 337
Ordinært resultat etter skattekostnad		-229 076	435 337
Årsresultat	5	-229 076	435 337
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-229 076	435 337
Totalresultat		-229 076	435 337
Overføringer og disponeringar			
Overført frå annan eigenkapital		-229 076	
Avsett til annan eigenkapital			435 337
Sum overføringer og disponeringar		-229 076	435 337



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Prosjektering nybygg	7		
Varige driftsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		142 140	142 140
Instrument		20 000	37 000
Lydutstyr	2		
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	93 000	129 000
Sum varige driftsmiddel		255 140	308 140
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	6	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		1 491	598
Sum finansielle anleggsmiddel		6 001 491	6 000 598
Sum anleggsmiddel	2	6 511 771	6 616 878
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav	3	1 059 649	805 517
Andre kortsiktige krav	6	279 243	54 008
Sum krav		1 338 892	859 525
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	4	1 263 666	1 825 698
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 263 666	1 825 698
Sum omløpsmiddel		2 602 557	2 685 223
SUM EIGEDELAR		8 859 189	8 993 961



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskoten eigenkapital		501 427	501 427
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		6 187 500	6 416 576
Sum opptent eigenkapital		6 187 500	6 416 576
Sum eigenkapital	5	6 688 927	6 918 003
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	624 982	268 743
Skuldig skattetrekk		262 077	247 718
Skuldig arbeidsgjevaravgift		246 634	232 867
Skuldig feriepengar og lønn		637 846	582 910
Gjeld til Kringsjå AS	6		339 067
Anna kortsiktig gjeld	7	398 723	404 654
Sum kortsiktig gjeld		2 170 262	2 075 958
Sum gjeld		2 170 262	2 075 958
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		8 859 189	8 993 961



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 441527

Enheten

Organisasjonsnummer: 964 009 805
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET
Forretningsadresse: Strengjarhaugen 6
5704 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jo Asgeir Lie
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 07.03.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.06.2023



Organisasjonsnr: 964 009 805
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK **Note** **2022** **2021**

RESULTATREKNESKAP

Inntekter

Inntekt av kursopphald		495 100	409 000
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		460 000	495 000
Tilskot frå UFD		2 878 000	2 839 000
Tilskot frå			
Kulturdepartementet		6 415 000	6 290 000
Diverse inntekter, tilskot, g�aver		1 130 904	873 222
Sum inntekter		11 504 004	11 031 222

Kostnader

L�nn, feriepengar	1	5 038 025	4 913 641
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 340 764	1 253 241
Avskrivningar	2	53 000	53 200
Honorar innleigde tjenester	1	1 351 111	1 141 200
Husleiga	6	2 105 114	1 764 000
L�remidler, utstyr		86 650	106 134
Honorar rekneskap, revisjon		162 973	152 042
Kontorrekvisita, telefon, porto		94 282	99 150
Litteratur, musikk, instrument		28 742	39 636
Reise og m�tekostnader		1 312 969	922 813
Bil- og diettgodtgjersle		55 809	49 630
Diverse kostnader		98 726	103 633
Annan driftskostnad		23 751	12 704
Sum kostnader		11 751 914	10 611 024

Driftsresultat **-247 910** **420 198**

Finansinntekter og finanskostnader

Anna renteinntekt		10 211	7 789
Annen finansinntekt		9 292	9 356
Sum finansinntekter		19 503	17 145

Annan rentekostnad		669	2 006
Sum finanskostnader		669	2 006

Netto finans **18 834** **15 139**

Ordin rt resultat f r

skattekostnad		-229 076	435 337
Ordin�rt resultat etter skattekostnad		-229 076	435 337



Årsresultat	5	-229 076	435 337
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-229 076	435 337
Totalresultat		-229 076	435 337
Overføringer og disponeringar			
Overført frå annan eigenkapital		-229 076	
Avsett til annan eigenkapital			435 337
Sum overføringer og disponeringar		-229 076	435 337



Organisasjonsnr: 964 009 805
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Prosjektering nybygg	7		
Varige driftsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		142 140	142 140
Instrument		20 000	37 000
Lydutstyr	2		
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	93 000	129 000
Sum varige driftsmiddel		255 140	308 140
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	6	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		1 491	598
Sum finansielle anleggsmiddel		6 001 491	6 000 598
Sum anleggsmiddel	2	6 511 771	6 616 878
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav	3	1 059 649	805 517
Andre kortsiktige krav	6	279 243	54 008
Sum krav		1 338 892	859 525
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	4	1 263 666	1 825 698
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 263 666	1 825 698
Sum omløpsmiddel		2 602 557	2 685 223
SUM EIGEDELAR		8 859 189	8 993 961
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskoten eigenkapital		501 427	501 427



Opptent egenkapital			
Annan egenkapital		6 187 500	6 416 576
Sum opptent egenkapital		6 187 500	6 416 576
Sum egenkapital	5	6 688 927	6 918 003
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	624 982	268 743
Skuldig skattetrekk		262 077	247 718
Skuldig arbeidsgjevaravgift		246 634	232 867
Skuldig feriepengar og lønn		637 846	582 910
Gjeld til Kringsjø AS	6		339 067
Anna kortsiktig gjeld	7	398 723	404 654
Sum kortsiktig gjeld		2 170 262	2 075 958
Sum gjeld		2 170 262	2 075 958
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		8 859 189	8 993 961



Organisasjonsnr: 964 009 805
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Tal på årsverk i regnskapsåret
9.00

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.</u>

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

<u>Samla beløp - tilknytt selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
---------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - føretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
----------------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - føretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
----------------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - felles kontrollert verksemd</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--------------------------------------------------	--------------	------------------

<u>Pantstillingar</u>	<u>Beløp</u>
-----------------------	--------------

<u>Behaldning av egne aksjar</u>	<u>Tal på aksjar Pålydande</u>	<u>Andel av aksjek.</u>
----------------------------------	--------------------------------	-------------------------



REVISOR LARS KLYVE AS
REGIMENTSVEGEN 225. 5705 VOSS

TELEFON: 918 64 436
E-POST: post@larsklyve.no
ORG. NR: NO 920 035 809

GODKJENT REVISJONSSKAP
AUTORISERT REKNEKAPSFØRARELSKAP

Til årsmøtet i Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Stiftelsen Ole Bull Akademiets årsregnskap som viser et underskudd på kr. 229 076. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultat for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i årsmeldingen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjonen i øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.



Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

VOSS, 28.2.2023

Revisor Lars Klyve AS



Lars Klyve

Statsautorisert revisor



ÅRSMELDING 2022 FOR STIFTINGA OLE BULL AKADEMIET

Føremålet til Ole Bull Akademiet er:

- å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå
- i samarbeid med Griegakademiet - Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar
- å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar
- å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademiet gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans
- å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.

OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2022

Inngangen til 2022 var nok ein gong prega av koronapandemien. Ole Bull Akademiet måtte, som alle universitet og høgskular, gjennomføre all undervisning digitalt fram til 12. februar. Etter landet opna opp att, har drifta vore normal og aktiviteten høg.

Vekekursa som var planlagt i januar 2022, måtte flyttast over på digitale plattformer. vart stort sett gjennomført gjennom digital undervisning, kombinert med noko undervisning fysisk på campus til dei høgskulane og universiteta som vart råka av nedstenginga. Hausten vart drifta som normalt.

Rekrutteringa til studia våre har hatt ein gledeleg oppgang etter nokre år med relativ låg søknad, og ved inngangen til 2022 var studentflokken større enn nokon gong: 15 studentar fordelte på alle dei 3 retningane vi tilbyr – bachelor i tradisjonsmusikk, ordinær master og nordisk master. Nivået på studentgruppa er høgt, og dei har utmerka seg på konsertar gjennom året. 2022 vart elles historisk, sidan vi for fyrste gong uteksaminerte to studentar på det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved UiB.

Osafestivalen befestar ytterlegare stillinga si som ein av dei mest spanande festivalane i Noreg, og festivalen i 2022 sette ein solid publikumsrekord. Festivalen har teke steget opp til å vere ein viktig festival både lokalt, regionalt og nasjonalt. Programmet var større enn nokon gong, og det er no heilt klårt at publikum kjem for å høyre musikk dei ikkje visste dei hadde behov for, og det er det som er styrken for festivalen. Osafestivalen byggjer bruer mellom ulike sjangrar, og med eit særleg fokus på folkemusikk og klassisk musikk, blir publikum utfordra og inspirert.

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet held fram med å vekkje stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Wiebke Lüders og Lukas Pawelka som er felemakarar har mellom anna innleia eit samarbeid med Ringjve museum, og felemakarverkstaden har, saman med felemakarverkstaden ved Valdresmusea AS, ansvar for tilsyn og vedlikehald av hardingfele- og langeleiksamlinga til Dextra Musica. Wiebke Lüders fekk også gullmedalje på Landskappleiken 2022, for ei hardingfele ho har laga. Denne utmerkinga heng svært høgt, og seier mykje om kva for instrumentfagleg nivå ho har.

For eigedomsselskapet Kringsjø AS har det vore eit år prega av høge straumprisar, noko som også har gjort at ein har vore nøydd til å ta store investeringar på oppgradering på varme og ventilasjon i 2022. Det vart bora etter bergvarme, og publikumsareala får frå 2023 vatn til luft-varmepumper, i tillegg til eit energisparande ventilasjonssystem i Osasalen. Dette arbeidet har Kringsjø AS også fått Enova-tilskot for å gjennomføre.



Alle tre selskapa, Stiftelsen Ole Bull Akademiet, Kringsjø AS og Osafestivalen AS er sertifisert som Miljøfyrtårn- bedrifter, og sertifiseringa har gjeve eit styrka miljøfokus både på systemnivå og i kvardagen til kvar enkelt medarbeidar i Ole Bull Akademiet, Kringsjø AS og Osafestivalen AS.

Folkedans i Hordaland og Hardingfela.no er viktige element i strategien om at Ole Bull Akademiet har og skal ha ei viktig rolle nasjonalt som formidlar av folkemusikk og folkedans. I ei verd som er fragmentarisk og trendbasert, er kanskje arbeidet som akademiet gjer viktigare enn nokon gong. Tilbakemeldingane frå studentar, publikum og samarbeidspartnarar gjev oss tru på at arbeidet som blir gjort ber frukter.

ØKONOMI

Ole Bull Akademiet fekk i meldingsåret statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2022	2022
Kulturdepartementet	6.415.000,-	6.290.000,-
Kunnskapsdepartementet - UiB	2.743.000,-	2.673.000,-
Studiepoengmidlar – UiB	135.000,-	166.000,-
Hordaland fylkeskommune	460.000,-	450.000,-
Voss kommune	125.000,-	125.000,-
I alt	9.878.000,-	9.7404.000,-

Rekneskapan for 2022 syner eit underskot på 229.076,-. Underskotet skuldast i all hovudsak auka utgifter knytt til ein meir normal driftssituasjon, kombinert med auka husleigekostnader knytt til høge straumprisar.

Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigeoms- og driftsselskapet Kringsjø AS, og alle aksjane i Osafestivalen AS.

Fond

Styret forvaltar desse fonda:	31.12.2022	31.12.2021
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 124.904,12	kr 124.145,12
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 38.463,-	kr 38.334,-
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12.475,85	kr 12.433,85

All kapital er i Voss Sparebank. Det er ikkje brukt midlar frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond i 2022. Det har heller ikkje blitt delt ut midlar korkje frå Gudrun og Sigurd Haaheims fond i 2022 eller frå Liv og Knut Klemmetsens fond.

STYRET

Terje Støve, leiar	FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
Iiril Schau Johansen, nestleiar	Voss kommune
Sigbjørn Hauge, styremedlem	Voss kommune
Frode Thorsen, styremedlem	Universitetet i Bergen
Magne Espeland, styremedlem	Høgskular/universitet
Håkon Asheim, styremedlem	Representant for dei tilsette

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og fire styremøte med 19 saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt 2 møte og handsama 19 saker. Utvalet har i tillegg hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved den daglege drifta.



PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 9,4 årsverk. Halve stillinga til driftsleiar blir selt til Kringsjø AS.

Jo Asgeir Lie, rektor	100 %	
Håkon Asheim, studieleiar	100 %	
Arne Anderdal, høgskulelektor	100 %	
Ida Dyrkorn Heierland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %	
Vegar Vårdal, førsteamanuensis	20 %	
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	17 %	
Tom Willy Rustad, førsteamanuensis	10 %	
Sissel Lie, førstesekretær	100 %	
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef	37,5 %	(37,5% Kringsjø AS)
Rannveig Djønne, dagleg leiar Hardingfela.no	100 %	
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/ hardingfelemakar	70 %	
Lukas Pawelka	50 %	
Magni Rosvold, dansekonsulent Folkedans i Hordaland	100 %	

Jo Asgeir Lie er rektor og fyrsteamanuensis, og har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgrad), og har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studiet. Dette gjeld også mastergradsstudiet (Nordic Master), i samarbeid med våre nordiske samarbeidspartar. Han skal i nært samarbeid med rektor og fagråd syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Vegar Vårdal er tilsett som førsteamanuensis i 20 % stilling. I denne stillinga ligg undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk.

Tom Willy Rustad er tilsett som førsteamanuensis i 10% stilling. I denne stillinga ligg undervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar i 100% stilling. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggja, organisera og gjennomføra kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 17% stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Ida Dyrkorn Heierland er tilsett som festivalleiar for Osafestivalen i 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, i tillegg til drift og planlegging av Osascena på Voss.

Rannveig Djønne er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela - musikken, instrumentet, dansen og miljøet. Ho er også medlem i styret for Osafestivalen.

Sissel Lie er førstesekretær i 100% stilling (80 % med AFP frå 01.11.22) . Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stillinga ligg vertsfunksjon og resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphaldet. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjø AS, og syter for fakturering til skular og institusjonar. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.



Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har 37,5 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 37,5 % i Kringsjø AS. Han er ansvarleg for vaktmeistertenester, avtale med cateringsselskapet "Tre Kokker Voss" og vakt- og vaskelister for eigedomen.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar i 70 % stilling. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Lukas Pawelka er tilsett som hardingfelemakar i 50 % stilling.

Magni Rosvold er tilsett som fagkonsulent- dans i 100% stilling for Folkedans i Hordaland, som er eit delprosjekt under Hardingfela.no. Ho har i tida 01.09.19-31.12.21 vore ein av to prosjektmedarbeidarar for Bygda dansar i Hordaland.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteførelsesarar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane i landet skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

VEKESKURS

Det har vore halde 22 kurs/seminar for i alt 18 institusjonar/studentgrupper, med til saman 587 studentar og 32 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 26,68 per kurs.

<u>VEKE</u>	<u>STUDENTAR</u>	<u>LÆRARAR</u>	<u>INSTITUSJON</u>
2	38	1	Ski videregående skole - SKI
2	26		Universitetet i Agder – BYKLE/DIGITALT
3	29		Universitetet i Agder – BYKLE/DIGITALT
5	27		Universitetet i Oslo - DIGITALT
6	26		Universitetet i Oslo – DIGITALT
7	59	4	Edvard Munch videregående skole
8	11		NLA Staffeldtsgate
8	22	1	Barratt Due -OSLO
10	37		Griegakademiet
12	19	1	Voss Folkehøgskule
13	22	2	OsloMet
18	18	2	Høgskulen på Vestlandet
35	12	3	Høgskulen på Vestlandet
36	35	2	Universitetet i Stavanger
36	39	2	Universitetet i Agder – BYKLE
37	18	2	NLA Bergen og Oslo
38	10	1	Høgskulen i Volda
39	26	2	Ansgarskolen - BYKLE
40	10	1	Høgskolen i Sørøst-Norge
41	28	1	NTNU
41	15	1	Universitetet i Tromsø – MÅLSELV
42	62	6	Foss videregående skole
22	587	32	

Kurset i veke 2 Ski vgs blei halde i Ski på skulen.

Kursa i veke 2 og 3 for Universitetet i Agder blei halde digitalt på universitetet i Kristiansand. Kursa i veke 5 og 6 Universitetet i Oslo blei halde digitalt på universitetet.



Kursleiarar:

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parentes):

Arne Anderdal (5), Eli Storbekken (3), John Ole Morken (3), Johanne Mjøs (4), Lajla Renate Buer Storli (3), Terje Foshaug (1), Hilde Fjerdingsøy (1), Sigrid Stubbsveen (3)

Lærarar:

Førelasarar/instruktørar/konsert

Arne Anderdal, Ingebjørg Longvik Reinholt, Martin Myhr, Sigrid Stubbsveen, Hans Christian Dalgaard, Lars Fivelstad Småberg, Eilif Gundersen Hilde Fjerdingsøy, Anita Vika, John Ole Morken, Lajla Storli, Magni Rosvold, Kenneth Lien, Jo Asgeir Lie, Håkon Asheim, Stein Villa, Nina Byttingsmyr, Silje Hegg, Ine Nord, Sara Marielle Gaup, Åsmund Reistad, Åsmund Solberg, Annbjørg Lien, Irene Tillung, Steinar Ofsdal, Eli Storbekken, Jørn Simenstad, Trygve Liahagen, Anne Hytta, Astri Sudmann, Alexander Røystrand, Silje Risdal Liahagen, Vegar Vårdal, Maria Toppe, Vegar Vårdal, Anja Savic Røed, Vegard Hansen, Gunnlaug Lien Myhr, Kari Finne Sognnæs, Berit Opheim, Ingrid Sørheim, Astri Garmo, Bendik S. Qvam, Terje Foshaug, Jo Einar Jansen, Sigurd Johan Heide, Sigrid Randers-Pehrson, Johan Anders Oskal, Ola Graff, Øistein Hanssen, Ragnhild Furholt, Anne beate Guldahl, Stina Brandin, Sigurd Brokke, Harald Knudsen, Helga Jakobsen, Sondre Bratland, Trym Bjønnes

STUDIUM I TRADISJONSMUSIKK / FOLKEMUSIKK

Ein periode var det relativt låge søkjartal til studiet i utøvande tradisjonsmusikk, men i 2021 fekk vi ein gledeleg oppgang i søkjartalet. Det var også mange og svært godt kvalifiserte søkjarar i 2022, men av ulike grunnar var det berre 3 av dei godkjende søkjarane som starta opp på studiet denne hausten. Sidan berre 3 studentar tok avsluttande eksamen i 2022, heldt studenttalet seg stabilt på 15 (inkl. master) gjennom året, og dette er det høgaste talet som har vore sidan studiet vart sett i gang i 1996.

Bachelorstudiet i tradisjonsmusikk

Tradisjonsmusikk er ei av fire studieretningar innafor Bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Studiet hadde 9 planlagde vekessamlingar gjennom året, og etter to år med pandemi og mykje digital undervisning var det godt å kunne gjennomføre alle desse fysisk på OBA.

- Studentar vidare frå 2021:
Thor Sture Hauknes (trekkspel), Ånund Myhren (munnharpe), Siri Nordgård (toradar), Steinar Odde (gitar), Ragna Valde Sletten (fele), Ingrid Lingaas Fossum (langeleik), Vegard Hansen (toradar/trekkspel), Sigyn Sjølie Sandegren (vokal), Jouvnas Helmine Bruun Arnesen (saksofon), Mats Nystam (mandola), Mikael Hedne (vokal)
- Nye studentar hausten 2022:
Solveig Eide Grønningsæter (fele), Emma Sandseter-Selen (trekkspel), Ane Stakston Aasen (fele)

I haustsemesteret hadde vi òg ein utvekslingsstudent på Erasmus-stipend, Jenny Jonsson (fele) frå Högskolan för Scen och Musik i Göteborg. Ho deltok i undervisning og program elles på bachelorstudiet.

Det utøvande masterstudiet med tradisjonsmusikk som sjanger

Dei siste åra har det vore mogleg å søkje det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB med jazz eller folkemusikk som sjanger, og Kristoffer Kleiveland og Johanne Løkensgard Mjøs – dei to første folkemusikkstudentane som kom inn på dette studiet – hadde sitt siste studiesemester våren -22. Dei hadde avsluttande eksamenskonsertar under Osafestivalen i oktober, der Mats Edén frå Musikhögskolan Malmö var ekstern sensor.

Konsertar og musikkinnslag med bachelor-/masterstudentane:

- Nyårskonsert i Osasalen
- Fleire lunsjkonsertar i Voss bibliotek
- Innslag på opningskonsert i Gunnar Sævig's sal på Griegakademiet i august
- Innslag på Ungdomsgalla på Riksscenen i Oslo i september
- «Teaserkonsert» i Voss Ungdomshall onsdagen før Osafestivalen
- Innslag på utstillingsopning på Osafestivalen



- Dansespel for Voss Ungdomslag og på Osafestivalen
- Konsert i Nain saman med elevar frå Vinstra VGS under Osafestivalen, som avslutning på festivalseminaret leia av Sarah-Jane Summers
- Fleire konsertar for borna i Klausabakken barnehage
- Sigyn Sandegren hadde konsert med eigne komposisjonar i Mariakirken i Bergen i november

Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

Etter eit første semester ved KMH i Stockholm hausten 2021 hadde dei 6 studentane på fellesstudiet "Nordic Master in Folk Music" (NoFo) vårsemesteret 2022 i Esbjerg, og haustsemesteret i Helsinki, med felles eksamenskonsertar i slutten av kvart semester. Dei framsto som eit svært godt ensemble i samspel på desse konsertane, og m.a. på ein eigen konsert på Nordtrad-konferansen i Oslo. I studentkullet var det to studentar med Ole Bull Akademiet/Griegakademiet som heiminstitusjon (Ronja Grafström og Timmy Gasslander), tre frå Syddansk Musikkonservatorium (Esbjerg) og éin frå Kungliga Musikhögskolan (Stockholm). Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

Lærarar/førelasarar på bachelor- og masterstudia

Arne Anderdal, Sigbjørn Apeland, Håkon Asheim, Arve Moen Bergset, Frode Borge, Aslak Brimi, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Torkjell L. Børsheim, H. C. Dølgaard, Rannveig Djønne, Grete Ege, Ånon Egeland, Ole Gjerde, Eilif Gundersen, Knut Hamre, Hallgrim Ulvik Haug, Silje Hegg, Arild Hoksnes, Isa Holmgren, Halvor Håknes, Simen Roheim Iversen, Marit Karlberg, Ronny Kjøsen, Kristoffer Kleiveland, Jorun Marie Kvernberg, Elisabeth Kværne, Jo Asgeir Lie, Unni Løvlid, Ørjan Matre, Ruth Wilhelmine Meyer, Olav Mjelva, Johanne Mjøs, John Ole Morken, Gunnlaug Lien Myhr, Inga Myhr, Thomas Nilssen, Odd Nordstoga, Bjørn Kåre Odde, Steinar Ofsdal, Angun Sønnesyn Olsen, Berit Opheim, Grete Pedersen, Ingebjørg L. Reinholdt, Andreas Risan, Camilla Rognes, Tom Willy Rustad, Steinar Rygg, Anders Røine, Lars F. Smaaberg, Rasmus Stauri, Marit Steinsrud, Eli Storbekken, Lajla Storli, Sigrid Stubbsveen, Astrid Sulheim, Sarah-Jane Summers, Håvard Svendsrud, Irene Tillung, Olav Tveitane, Elisabeth Vannebo, Stein Villa, Mette Vårdal, Vegar Vårdal, Hanne Weisser, Espen Wensaas, Tron Steffen Westberg, Erland Westerström, Karolina Westling, Ståle Ytterli, Henrik Ødegaard

Nordisk folkemusikkonferanse for studentar og lærarar

Den årlege samlinga for Nordtrad-nettverket (utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum) vart i 2022 arrangert av Norges Musikkhøgskole i Oslo 19.–24. april, med eit rikhaldig program av workshops, førelingar, student- og lærarmøte, paneldebattar, konsertar og samspelsgrupper på tvers av land og skular. Studentar frå OBA deltok og bidro m.a. på fleire av konsertane, og Jo Asgeir Lie og Håkon Asheim representerte lærarane.

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad - The Higher Education Network of Traditional Music – vart i 2022 arrangert av Norges Musikkhøgskole i Oslo i april. OBA fekk hausten 2022 ein utvekslingsstudent gjennom Erasmus, Jenny Jonsson (fele) frå Högskolan för Scen och Musik i Göteborg.

OSAFESTIVALEN

Osafestivalen vart arrangert helga 28.-30. oktober 2022. Resultatet syner, som i fjor, det beste billett- og barsalet i festivalen si historie. Festivalen hadde eit rekordhøgt tal på frivillige, og Osarådet er no eit godt koordinert og kompetent team for avvikling av festivalen. Etter tre år med hovudbase i Voss idrettshall står Osafestivalen no fram som ein veletablert festival som knyter saman tradisjon og samtid og som samstundes er i aktiv utvikling. Heilårsscena Osascena har hatt jamt over god aktivitet vår og haust innanfor rammene sine.

ORGANISASJON

Osafestivalen er organisert som eit velgjerande AS, og er ein sjølvstendig festival med Ole Bull Akademiet som eigar. Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegripen er



arrangørar av Osafestivalen. 140 dugnadsmedarbeidarar - ein stor del av dei unge nyrekruterte - var med på gjennomføringa i 2022.

Styret

Jo Asgeir Lie (styreleiar)
Terje Støve (vara styreleiar)
Tina Kjerland (styremedlem)
Sissel Lie (styremedlem)
Rannveig Djønne (styremedlem)

Ida Dyrkorn Heierland har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Tilsette knytte til Osafestivalen

Ida Dyrkorn Heierland (dagleg og kunstnarleg leiar) 100% og Sissel Lie (festivalsekretær) 10% er tilsette ved Ole Bull Akademiet.

Programråd

Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet)
Frode Thorsen (Fakultetet for kunst, musikk og design, UiB)
Alexander Aga Røystrand (Frilans folkemusikar)
Ida Dyrkorn Heierland (Dagleg og kunstnarleg leiar Osafestivalen)

KUNSTNARLEG INNHALD & SATSINGSOMRÅDE

Osafestivalen skal vere ein nyskapande møtestad der folkemusikken møter og bryner seg på nærliggjande musikkformer. I tillegg til dei tradisjonelle formene presenterte Osafestivalen 2022 både klassisk, folkrock, visesang og samtidsmusikk. Felles for programpostane er at dei alle har element av tradisjonsmusikk med seg i ei eller anna form.

Programmet har bydd på eit spenn frå soloutøvarar til grupper, nasjonale og internasjonale artistar, matopplevingar, UngOsa-samling, utøvarkurs, lynkurs, musikalsk prøverom-turné på to hjul, kunstutstilling, eigenprodusert vandrestilling, talkshow, forfattartreff, familieførestillingar, stikk innom-konsertar og danseførestillingar fordelte over tre festivaldagar.

Urtonen og Osamæle står no fram som to signaturprogrampostar etter at dei vart introduserte i 2019. Seljefløyta var årets urtoneinstrument, og når multiinstrumentalist Hans Fredrik Jacobsen gjekk til urtonen, gjekk han også til urmaterialet. Før sjølvsaft var seljefløyten både sjølv laga og laga av seljebork. I tillegg til den fantastiske urtonekonserten i Gamlekioen laurdag føremiddag, spelte også Jacobsen opningstonane på solo seljefløyte fredag kveld før første konsert i Voss idrettshall. Dette vart rett og slett ei magisk oppleving! Årets Osamæle-konsert vart ikkje mindre magisk då Sigrid Moldestad med vener hylla 70 års jubilaranten Einar Mjølshes i Osasalen festivalsundagen.

Aldri før har så mange artistar frå regionen stått på programmet til Osafestivalen som i år. Tel ein med medlemene i spelemannslag, dansegrupper, og studentane på Ole Bull Akademiet, vert det rundt 50 med «stort og smått». Nokre er med i større besetningar, andre er soloartistar eller frontfigurar på ein eller fleire konsertar og kurs. Ole Bull Akademiet og Osafestivalen står såleis fram som eit solid ankerpunkt for det lokale og regionale folkemusikkmiljøet. Samstundes var det gledeleg å på nytt få internasjonale artistar på programmet etter pandemi: Legenden Merit Hemmingsson, finske Antti Paalanen, multiperkusjonist Christoph Sietzen og ikkje minst Catriona Macdonald med vener frå Shetland. Det gjorde rett og slett godt å få opna opp att!

Osafestivalen har eit svært godt, lyttande og interessert publikum frå unge vaksne til godt etablerte pensjonistar. Festivalen har eit publikum som er krevjande i positiv forstand då dei har klare forventningar til unike opplevingar som utfordrar og overraskar samstundes som dei likar å kjenne seg att i noko. Ut frå tilbagemeldingane eini har fått, har festivalen greidd å lande ei programmering som når ut til ulike aldersgrupper på ein og same festivalkveld.

Osafestivalen hadde følgjande fokusområde i 2022:

Satsing på born og unge

«Musikalsk prøverom på to hjul»

Osafestivalen har eit ansvar for å nå ut til folk i ulike aldersgrupper både med tanke på ny rekruttering til folkemusikkmiljøet, men også for å gi born og unge gode kunstnariske opplevingar der tradisjonsmusikk og -dans står i fokus. Etter at Osafestivalen nyleg vart miljøsertifisert, utvikla ein «Musikalsk prøverom på to hjul». Her ville festivalen styrke formidlingsarbeidet retta mot dei aller minste. Muskar og komponist Steinar Ofsdal tok med seg alle instrumenta han klarte å frakte på sykkelen sin og drog ut til dei lokale barnehagane med eit rykande ferskt formidlingsprogram. Ofsdal fortalde fantastiske historier knytte til dei ulike instrumenta, song folkeviser, spelte slåttar og viste korleis instrumenta fungerer. Alle born fekk prøve eit breitt utval av instrument. Ei slik satsing er viktig for å skape entusiastiske kring folkemusikken på Voss. Omlag 250 born tok del i opplegget som var særskilt støtta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

UngOsa

Det etablerte UngOsa-kurset hadde på nytt rekordhøg påmelding med 72 deltakarar (sjå også Hardingfela.no). Kurset vart svært vellukka. Det er Hardingfela.no som står for planlegging og gjennomføring av kurset. Kurset er ope for unge hardingfelespelarar, toradarspelarar, songarar og dansarar frå sju år og oppover. Kurset gjekk over tre dagar, fredag til søndag, med ei stor felles konsertfrestilling, med alle deltakarane og lærarane deira i Gamlekinoen. Avslutningskonserten var basert på eventyret Askeladden og dei tolv sølvendene. Astri Sudmann var forteljar og Rannveig Djønne stod for regi. I tillegg til kurs og sosialt samvær, med sjokoladekappleik og UngdomsOsa i ungdomsklubben Gryto (for dei over 12 år) var også deltakarane med på Middagsdans i Voss ungdomshall, og dei fekk oppleve familiefrestillinga «Hest i Huset» i Osasalen. Deltakarane på UngOsa 2022 kom frå Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Kvinnherad, Kvam, Øygarden, Bergen, Osterøy, Sunnfjord, Eidfjord, Alver, Sogndal, Asker og Oslo.

Lærarar i år var:

Toradar: Inge Gjevre og Jon Amund Karusbakken

Song: Malin Victoria Alander og Kari Finne Sognnæs

Hardingfele: Alexander Aga Røystrand, Arne M. Sølvberg, Arngunn Timenes Bell, Hallgrim Skjerdal

Dans: Halldis Folkedal og Anna Liv Skjeltan Gjendem

Samspel (for utøvarar mellom 12-18 år som har spelt ei stund): Geir Marius Thorud

Dei gamle instrumenta

Festivalen løfta også fram dei eldste folkemusikkinstrumenta i Rasmus Kjørstad og Kenneth Lien si rykande ferske familiefrestilling «Dei gamle instrumenta». Førestillinga vart lagt til Årestova på Mølstertunet i samarbeid med Riksscenen og Voss Folkemuseum.

Danseworkshop for ungdom

Festivalen gjennomførte også ein danseworkshop for ungdom mellom 13-18 med breakdansaren Andreas Roksvåg kjent fra Absence Crew og moderne dansar Ane Evjen Gjøvåg i eit samarbeid med ungdomsklubben Gryto.

Vossakrutt og fyrespel

Det er viktig for festivalen å løfte fram dei yngste utøvarane i regionen. I år vart dei unge toradarspelarane i gruppa «Vossakrutt» inviterte til å halde eigen konsert på torget. I tillegg spelte dei under middagsdansen i Ungdomshallen. Vinnaren av Audhild Flaktyveit Moxnes sin minnepris, Ida Mikkonen, opna laurdagskvelden med fyrespel i Voss idrettshall.

Systemspel

Årets store programsatsing for Osafestivalen var utan tvil «Systemspel». Kvifor vart dei borte frå kvardag og høgtid, medvit og tanke, skrift og tale? Dei var her, spelekvinnene, men så vart dei borte? Tingingsverket og vandreutstillinga «Systemspel» er basert på ei ny bok skriven av Benedicte Maurseth om kvinner som spela fele, frå 1700-talet til i dag. Å spela fele var for menn. Det har me alltid trudd. Men Maurseth har leita fram kvinnene, frå skrift og munnleg tradisjon. Dei er fleire enn du trudde.

Tingingsverket vart vist i NAIN festivallaurdagen for ein fullsett sal. Gjennom forteljing og spel tok Maurseth publikum inn i historia om spelkvinnene frå 1700-talet og fram til i dag. Tingingsverket avslutta med å vise eit lite utdrag frå namnelista over norske spelekvinner som rulla over dei to lerreta på scena. Dette vart rett og slett ei så sterk oppleving at mange i salen tok til tårene.

"Systerspel" har fått mykje merksemd i nasjonale medier med mellom anna to store oppslag i avisa Klassekampen, stort intervju med Benedicte Maurseth i BT, Dag og Tid og på Ballade.no.¹ I tillegg har lokalavisene løfta fram dette prosjektet:

"Det er eit imponerende stykke folkeopplysning Maurseth har skapt...Feletonane frå Maurseth er ein raud tråd i framsyninga som held det heile saman. Resultatet er solid scenekunst. Og nettopp det, varmar eit teaterharte som mitt, at festivalsjef Ida Dyrkorn Heierland vel å innlemma god scenekunst i festivalprogrammet sitt og såleis byr kulturbygda Voss noko dei slettes ikkje har for mykje av frå før, nemleg teater." Konsertmeldar Frøydis Århus, Avis Hordaland

Birk Nygaard har, saman med illustratør Mari Kanstad Johnsen og grafisk designar Rune Døli (Modest) laga ein fantastisk scenografi og visuell design på førestillinga. Illustrasjonane til Kanstad Johnsen er det visuelle elementet som bind alle delprosjekta i Systerspel saman til ein heilskap.

For fyrste gong har det blitt produsert ei vandreutstilling om spelekvinnar i Noreg og hennar historie. Utstillinga er såleis unik, og gjev publikum høve til å sjå og oppleve mellom anna den eldste hardingfela brukt av ei spelekvinnar frå 1784, handskrivne turnébrev, særmerkte felehus henta fram frå privat eige, eldre og ukjende fotografi, lydopptak med meir. Utstillinga opna i Voss Sparebank i forkant av konsertførestillinga. Forfattar Olaug Nilssen og Benedicte Maurseth runda av «Systerspel» med forfattersamtale i same lokale sundagen. Dette er ein produksjon vi som arrangør er stolt av.

Det er lagt ned store arbeidsressursar for å få dette prosjektet økonomisk og organisatorisk i hamn i 2022. Vi gler oss til å få utstillinga ut på vegen i 2023-24.

Solospel og dans

Osafestivalen har vidareført satsinga på å synleggjere solospel og -song på dei store konsertarenaene. Fredag kveld presenterte festivalen tre solokonsertar på rad i Voss idrettshall: Tuva Syvertsen (song), Christoph Sietzen (samtidspørkusjon) og Antti Paalanen (treradar) leverte alle tre til ståande applaus og svært gode tilbakemeldingar.

Festivalen har halde fram med å fremje tradisjonsdans i ulike former: først gjennom den etablerte programposten «Meistertimen» der ein spør kva det eigentleg betyr «å gå i lære» hjå nokon? Festivalen inviterte til «Halling med Hallgrim» og viste fram korleis overlevering av tradisjonar, kunnskap og danseteknikk går føre seg i praksis. Vidare styrka Osafestivalen dansetilbodet ved å innføre programposten «Middagsdans i Ungdomshallen». Elevar ved Ole Bull Akademiet, Toradargruppa «Fast i Skjervet», Vossakrutt, Labbakadla og Voss Spelemannslag m.fl. stod for dansespelet. To dansekurs for nybyrjarar vart gjennomførte same dagen. Festivalen har også halde fast på kveldsdansen med DJ Folkesnurr ferdagskvelden og lagt til rette for meir tradisjonelle danseformer laurdagskvelden. Dette fekk svært god mottaking. Eit høgdepunkt utan like i dansesatsinga 2022 var førestillinga Vástádus eana · The answer is land av den samiske kunstnaren Elle Sofe Sara. Denne førestillinga kjem til å sitje lenge i sjela og hjarta til Osapublikummet.

Teknisk produksjon

Den tekniske produksjonen har hatt eit kraftig løft dei tre siste åra, og festivalen er no langt på veg med å etablere eit eige, heilskapleg og gjennomgåande sceneuttrykk for alle scener og flater. Dette omfattar mellom anna eit lysdesign og scenografiske element, men også eit tyngre og meir profesjonelt apparat på den scenetekniske sida som kan følgje opp festivalen året igjennom. Festivalen har hatt eit tett samarbeid med produsentar i Voss lyd gjennom året. Eit slikt løft kostar, og utan meir driftsstøtte dei komande åra blir det heilt klart ei utfordring å halde oppe det nivået festivalen har brukt tid og ressursar på å etablerte.

¹ Klassekampen: <https://klassekampen.no/utgave/2022-10-17/musikkmagasinet>, <https://klassekampen.no/utgave/2022-10-17/opp-fra-gloymsla>, BT: <https://www.bt.no/kultur/i/766W59/hun-har-lett-etter-de-kvinnelige-musikerne-som-forsvant>, Dag og Tid: <https://www.dagogtid.no/kultur/pa-sporet-av-spelekvinnar-6.129.27610.eb577e9608>) Ballade.no: <https://www.ballade.no/folkemusikk/utfordrer-foestillinger-om-folkemusikeren/>



FAGSEMINAR

Seminarer vart leia av Sarah-Jane Summers - ein av Skottlands fremste felespelarar og tradisjonsberar av felestilen frå det skotske høglandet. Summers har master i norsk folkemusikk og improvisasjon frå NMH, bur i Noreg og er svært aktiv på den norske og internasjonale folkemusikkscena. Seminarer var mynta på folkemusikkstudenter og musistar. Deltakarane arbeidde med tradisjonell musikk frå Skottland i samspel, og presenterte delar av dette på den tradisjonsrike lunsjkonserten i NAIN festivalfredagen. Konserten var eit samarbeid med Voss Sparebank.

ARTISTAR/GRUPPER/MEDVERKANDE

Sigyn Sandegren (vokal), Ingrid Lingaas Fossum (langeleik / vokal), Solveig Eide Grønningsæter (fele), Jenny Jonsson (fele), Ragna Valde Sletten (fele), Ane Stakston Aasen (fele), Jouvnas Helmine Bruun Arnesen (saksofon), Siri Nordgård (toradar), Thor Sture Hauknes (trekkspel), Emma Sandseter-Selen (trekkspel), Vegard Hansen (trekkspel), Ånund Myhren (munnharpe), Steinar Odde (gitar), Mats Nystam (mandola), Steinar Ofsdal (seljefløyte), Sidsel Bonde (festivalkunstnar), Andrea Søgner (Langeleik), Maria Vaaje (Hardingfele), Neri Bakkjen (Gitar og vokal), Vilde Westeng (Hardingfele), Johanne Mjøs (fele, hardingfele), Kristoffer Kleiveland (durspel), Arne Hjeltnes, Knut Hjeltnes, Sjur Hjeltnes, Annbjørg Lien, Norge (hardingfele, nykkelharpe), Catriona MacDonald (fele), Roger Tallroth (gitar), James Mackintosh (trommer / perk), Inge Thomson (trekkspill), Tuva Syvertsen (song), Christoph Sietzen (perk), Antti Paalanen (tradar), Mattias Thedens (Hardingfele/flatfele), Oskar Lindberget (Sax), Richard Max (Gitar), Jonas Thrana Jensen (Bass), Henrik Dullum (Trommer), Lars Finborud (DJ), Anders Fretheim (trommer), Bendik Finborud (visuals), Andreas Roksvåg (breakdance), Ane Evjen Gjøvåg (moderne dans), Torkjell Lunde Børsheim (hallingdans), Ådne Kolbjørnhus (hallingdans), Synnøve Brøndbo Plassen (song), Berit Opheim (song), Arne Anderdal (dans), Hans Fredrik Jacobsen (seljefløyte), Synneva Gjelland (vokal, piano, gitar), Sam Baxter (fiolin), Johanna Seim (hardingfele), Pål Jørgen Volan (bass), Wiebke Lüders (felemakar), Lukas Pawelka (felemakar), Hallgrim Hansgaard (hallingdans), Vossakrutt (dancespel), Fast i Skjervet (dancespel), Voss Spelemannslag (dancespel), Labbakadla (dancespel), Benedicte Maurseth (hardingfele), Elisabeth Vannebo (tuba og venstrehandspærkusjon), Christine Sandtorv (vokal og gitar), Tone Hulbækmo (trøorgel og harpe), Håkon Skogstad (klaver), Trondheimsolistene, Håkon Asheim (hardingfele, fyrespel), Erlend Viken (oktavfele, hardingfele), Marius Graff (el-gitar), Sondre Meisfjord (kontrabass), Susanne Lundeng, Nils-Olav Johansen (gitar/vokal), Erik Nylander (trommer), Merit Hemmingson (orgel og song), Ola Winkler (trommer), Anders Norudde (moraharpe og sekkepipe), Milton Öhrström (tangentar), Odd Nordstoga band, Jon Amund Karusbakken (torader), Inge Gjevne (torader), Svein Ove Brun (gitar), Bjarne Odde (bass), Geir Marius Thorud (torader), Margunn Blikberg Nordgård (hardingfele), Marja Mortensson (song) Daniel Herskedal (tuba), UngOsa v/ Hardingfela.no Astrid Sudmann (forteljar), Olaug Nilssen (forfattarsamtale), Rasmus Kjørstad (eldre folkemusikkinstrument), Kenneth Lien (eldre folkemusikkinstrument), Einar Mjøsnes (hardingfele), Sigrid Moldstad (hardingfele), Håkon Høgemo (hardingfele), Frank Rolland (hardingfele), Sigbjørn Apeland (hardingfele), Ragnhild Hemsing, Sara Marielle Gaup Beaska (joik, dans), Kajsa Balto (joik, dans), Grete Daling (joik, dans), Olga-Lise Holmen (joik, dans), Nora Svenning (joik, dans), Julie Moviken (joik, dans), Marianne Kjærdund (joik, dans)

MARKNADSFØRING

Festivalen har hatt eit godt trykk på marknadsføring på sosiale medium gjennom heile året. Trykk av programhefte, plakattedistribusjon og annonsering i lokale aviser gjekk som normalt. Front Film produserte ein ny videoteasar i forkant av festivalen og gjorde råoptak gjennom heile festivalhelga. Elevar frå Voss Folkehøgskule laga også fleire marknadsføringsvideoar i forkant av festivalen. Ein opplever at det er meir og meir utfordrande å få redaksjonell førehandsomtale i avisene, men «Systerpel» har fått svært god mediedekning i fleire nasjonale aviser. Osafestivalen har fått på plass ein eigen pressesjef i Osarådet. Festivalen treng no meir ressursar til marknadsføring - særskilt auka støtte til å drive digitale annonsekampanjar som ein ser har stor effekt og i tillegg få inn ein person som kan drive det strategiske marknadsføringsarbeidet vidare. Festivalen har eit stort potensial til å nå ut til eit langt større publikum regionalt og nasjonalt, men dette er arbeid som krev tid og kompetanse.



ØKONOMI

Billett- og barsalet vart også i år det beste i festivalen si historie. Osafestivalen mottok driftstøtte frå Norsk Kulturråd kr. 650 000,-, Vestland fylkeskommune kr. 150 000,- og Voss Herad kr. 300 000,-. I tillegg har festivalen støtte frå andre offentlege og private kjelder. Ole Bull Akademiet finansierer fullt ut dei to administrative stillingane som ligg til festivalen. Årsrekneskapet syner eit samla resultat på kr. 16 972,- for Osafestivalen AS. Fordelt på dei tre avdelingane ser det slik ut: Osafestivalen kr. 39 828,- Avdeling Osascena kr. 258,-, avdeling UngOsa kr. -22 785,-. Prosjektet «Systerspel» vert avslutta i 2023 og er difor ikkje med i rekneskapen for 2022.

KJØNNBALANSE OG MANGFALD

Osafestivalen freistar alltid å ha ein god kjønnsbalanse i programmet. I 2022 har festivalen løfta fram kvinnelege hardingfelespelarar gjennom Systerspelprosjektet som saman med andre programpostar synleggjer historiske og notidige kvinnelege hardingfeleutøvarar. Festivalen i 2022 hadde ein rimeleg god kjønnsbalanse (71 menn / 64 kvinner. Nokre gjesteartistar og medlemmene i Trondheimsolistene er ikkje med i desse tala).

Osafestivalen har eit tilbod til alle. Festivalen har mange trufaste frivillige og publikummararar som har vore med heilt sidan starten i 1992. Desse har ein klart å ta vare på, og fleire har no fått større ansvarområde gjennom Osarådet. Det er likevel viktig å tenkje rekruttering og på korleis festivalen skal gjere seg relevant i tida som kjem. Ved inngangen til årets festival hadde festivalen rekordmange frivillige, og ein opplever at mange nye unge tek kontakt. Det var faktisk venteliste for frivillige som ville gjere ein innsats! Osafestivalen har, som dei siste åra, fremja delar av tradisjonsmangfaldet vi har i Noreg ved å programmere samisk tradisjonsmusikk.

REDUSERT MILJØBELASTNING

Festivalen vart miljøsertifisert våren 2022 og har hatt eit gjennomgåande fokus på miljø i alle ledd i festivalgjennomføringa. Som følgje av sertifiseringa har ein gjort fleire miljøgrep fram mot og under festivalen. Festivalen har til dømes redusert bilbruken og oppmoda publikum og artistar til å tenkje miljø når dei reiser til/frå festivalen. Ein har redusert bruk av plast på backstage og til servering. Festivalen har etablert eit heilt nytt bartilbod med nesten utlukkande kortreiste mat- og drikkevarer. Det har også blitt etablert eit nytt samarebidsamarbeid med VossaBike. Osafestivalen har halde ved like eit tett samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk kring avviklinga av festivalen. Det er framleis mykje som kan gjerast for redusere miljøbelastninga, så dette er noko festivalen arbeider kontinuerleg med framover.

OSASCENA

Osascena er Osafestivalen si heilårs akustiske musikkscene med fast tilhaldsstad på Tre Brør Bar på Voss. I 2022 har Osascena i tillegg brukt Osasalen på Ole Bull Akademiet og Ungdomshallen som alternative scener. Osascena er eit samarbeidsprosjekt mellom Osafestivalen, Voss Spelemannslag og Ole Bull Akademiet, der Osafestivalen er økonomisk ansvarleg og står for den daglege drifta som omhandlar booking, marknadsføring, økonomi og andre praktiske gjeremål. Scena er ein godt etablert og velkjend kulturarena på Voss og i regionen.

Programnemnd

Scena har hatt ei nemnd på fire personar i 2022 som har fungert som programråd og arbeidskraft til den praktiske gjennomføringa:

Arne Anderdal (Tilsett Ole Bull Akademiet)
Lars Gjelland (Repr. Voss Spelemannslag)
Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar Osafestivalen)
Kari Finne Sognnæs (Freelans kvedar og tidlegare student ved Ole Bull Akademiet)

Marknadsføring og gjennomføring

Vi har hatt høg aktivitet på Osascena i 2022 der dei fleste konsertane vart gjennomførte i vårhalvåret. Turnétilbod gjorde at ein flytta eit par av konsertane som i utg.pkt var tenkt gjennomførte om hausten til

våren. Konsertane har fått god marknadsføring i alle våre digitale kanalar i tillegg til plakatoppslag og annonser i lokalavisa. Osascena er framleis ein svært viktig arena for å bygge festivalpublikum for Osafestivalen gjennom året. Her når ein breitt ut og møter nye fjes som tidlegare ikkje har vore på folkemusikkarrangement i bygda. Osafestivalen ønskjer å opne scena meir opp i 2023 ved å rekruttere fleire til å ta del i sjølve avviklinga av konsertkveldane. Gjennom aktiv deltaking vil fleire få eigarskap til scena, og vi får utvida miljøet rundt.

Samarbeidet med Førdefestivalen gjennom turnéprosjektet VestaFolk vart vidareført i 2022 med familieførestillinga «Tippe Tippe Tue» på programmet. Dette vart ei flott stund for heile familien i Voss ungdomshall - eit lokale Osascena med fordel kan ta meir i bruk i tida som kjem. Her er det gode akustisk tilhøve, og ikkje minst ønskjer vi å vere ein pådrivar til å halde liv i dei gamle forsamlingslokala som kulturell og musikalsk møtestad. Osascena har også halde ved like den gode dialogen og programmeringssamarbeidet med Colombi Egg i Bergen. Tre av konsertane våre med internasjonale artistar har vore eit samarbeid med Colombi Egg. Programkomiteen har freista å vektlegge kjønns- og aldersbalanse i programmeringa, og vi meiner vi klarte å lande ei god blanding av norske og internasjonale artistar i 2022.

Gjennomført konsertar, publikumstal og økonomi

23. januar: «Vandring», Osasalen Ei poetisk og musikalsk reise i grenselause landskap med Sigmund Løvåsen og Erlend Apneseth (hardingfele) og Frode Haltli (akkordeon). I eit samarbeid med Nynorsk kultursentrum. 13 seldebilletter - 8 på gjesteliste/arr

16. februar: «Tippe, tippe tue» Vestafolk turné, Ungdomshallen

31 seldebilletter - 2 på gjesteliste/arr

17. februar: Tindra, Tre Brør

24 selde billetter - 7 på gjestelist/arr

22. februar: Arsen Petrosyan Quartet, Osasalen

Blanding av tradisjonell folkemusikk og religiøs musikk og spenner over meir enn eitt tusen år. 19 solgte billetter - 16 på gjesteliste (studentar OBA/arr)

3. mars: Knut Hamre & Nils Erik Kvamme: Eit band, ein jukebox og ein gut som gjekk forbi, Osasalen Osascena markerte at landets mestvinnande folkemusikkutøvar, Knut Hamre, fyllte 70 år i 2022. 48 selde billetter - 13 på gjesteliste/arr

8. mars: Hazelius/Hedin, Tre Brør

Songar og strengemeister Esbjørn Hazelius i skjønn foreining med nøkkelharpevirtuoson Johan Hedin. 46 selde billetter - 7 på gjesteliste/arr

23. april: Mames Babegenush, Tre Brør

Sterke skandinaviske røter fletta saman med sprudlande dansemusikk frå Aust-Europa

18 selde billetter - 7 på gjesteliste/arr

30. august: The Shackleton Trio, Tre Brør

Fengande låtar som kombinerer mandolin, fele, gitar og banjo med trestemmige vokalharmonier. Trioen gjev nytt liv til gamle historier frå East Anglia, heimstaden deira på austkysten av England. 13 selde - 7 på gjesteliste/arr

Totalt antal publikummarar på Osascena i 2022: 218. Publikumstalet det siste året var framleis prega av pandemien. Vårhalvåret opplevde ein at folk ikkje var heilt klare for å gå på konsertar sjølv om det ikkje var restriksjonar. Osascena har likevel vore eit viktig tilbod til folk i bygda og regionen.

Samla sett er vi godt nøgde med det tilbodet Osascena har levert i 2022, og det økonomiske resultatet for 2022 ligg trygt innanfor dei tildelte rammene.

FELEMAKARVERKSTADEN

Felemakarverkstaden har i 2022 utmerka seg både i Noreg og utover i Europa. Verkstaden er attraktiv som praksisverkstad både for studentar frå USN Rauland, og for fiolinmakarar frå andre land som ønskjer å lære om hardingfelebygging. I 2022 har det vore tre studentar i praksis frå Rauland, i tillegg til to fiolinmakarar som har hospitert i verkstaden, den eine frå Austerrike og den andre frå Tyskland. Felemakarverkstaden har også seld hardingfeler til utøvarar i Tyskland og USA.

Dei to hardingfelemakarane i verkstaden, Wiebke Lüders og Lukas Pawelka, har også hatt eit aktivt år som formidlarar i tillegg til reparasjonar og nybygging av hardingfeler. Dei aller fleste vekekursa er innom i felemakarverkstaden og får eit møte med instrumentet og byggjarane. Dette er ein svært populær programpost på vekekursa! 04.-10. juli var Wiebke og Lukas på Ringve museum i Trondheim, der dei rigga

dei opp ein verkstad, og heldt popup-workshop på museet. Dette var andre gong på to år at dei vart spurt om å ta turen til Trondheim.

Wiebke Lüders kunne i tillegg reise heim frå Landskappleiken på Rjukan med heider og ære. Ho stilte ut to hardingfeler til bedømming, og den eine fela, nr. 5, fekk gullmedalje, noko som heng svært høgt i folkemusikkmiljøet. Den andre fela, nr. 4 fekk ein sølvmedalje. Dette seier mykje om den høge kvaliteten har.

25.- 26.11. var det den årlege kontrollen av hardingfelene i Dextra Musica-samlinga. Kontrollen føregjekk på Sentralen i Oslo, saman med hardingfelemakar Bård Riise Hoel og fiolinmakarane Magnus Nedregård.

Felemakarverkstaden var representert på helgeseminaret til NIMF (Norsk Instrumentmakerforeningen), i helga 26.11. Seminaret var i Oslo.

Felemakarverkstaden har også i 2022 ført vidare prosjektet "Morgondagens felemakarar" – no med fem ungdomar. Dette prosjektet er i regi av Hardingfela.no og har som mål å rekruttere ungdom til yrket hardingfelemakaryrket, gjennom å bygge si eiga hardingfele i løpet av tre år.

Dei to held no på med bygging av nye hardingfeler, og verks taden har som vanleg hatt mykje reparasjonsarbeid, oppsett av hardingfeler og fiolar, og rehairing og reparasjonar av bogar.

2. mai hadde Ole Bull Akademiet møte med statssekretær i kulturdepartementet, Odin A. Bohmann, der utbyggingsprosjektet rundt ny felemakarverkstad vart presentert. Signala frå Kulturdepartementet, kombinert med den økonomiske situasjonen som har prega samfunnet i 2022, gjer at ei utbygging må flyttast fram i tid.

HARDINGFELA.NO

Mange aktivitetar for hardingfela.no i 2022

Nokre av dei større satsingane til hardingfela.no i 2022 var tokt med M/S Mathilde med føredrag, musikk og bryggedans for alle dei ni barneskulane i Ullensvang, 72 born og unge og endå ein deltakarrekord for UngOsa, 200 konsertar i juli månad i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum, familieførestillinga «Har du sett nokon gamal kjerring» har vore kring i dei fleste museumsavdelingane til Hardanger og Voss museum, dei unge felemakarane i prosjektet «Morgondagens felemakarar» kjem stadig nærare målet om å ha bygd sine eigne hardingfeler, mange gode samarbeidspartar innan folkedans og forskingsarbeid kring Sørfjordspringaren.

Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Magni Rosvold er fagkonsulent for dans (100 % stilling) og Rannveig Djønne er dagleg leiar for hardingfela.no (100 % stilling).

Styret til hardingfela.no består av:

- Rektor ved Ole Bull Akademiet, Jo Asgeir Lie
- Direktør ved Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen
Styrar ved Hardanger Folkemuseum, Guro Kvalnes
- Tidlegare styrar ved Hardanger Folkemuseum, Agnete Sivertsen har også delteke på møta.

Styret har hatt fem møter i 2022.

Rådet for hardingfela.no består av:



- Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg
- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland
- Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie
- Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har hatt eit møte i 2022.

I tillegg er dagleg leiar med i gruppa for formidlingsleiarane i Hardanger og Voss museum som har møter kvar 14.dag. Dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøter på Ole Bull Akademiet og har jamnelege oppdateringar saman med Hardanger Folkemuseum.

Ulike underprosjekt

Tokt med M/S Mathilde

Rett før påske 2022 var hardingfela.no på turné i to veker på Hardangerjakta M/S Mathilde i samarbeid med Fartøyvernsenteret. 5. og 6. klsar frå dei 9 barneskulane i Ullensvang fekk koma ombord i båten, og det vart ein stor suksess. Hardingfela.no ved Magni og Rannveig bidrog med historieforteljing, føredrag, musikk og bryggedans. I tillegg til særns nøgde lærarar og elevar, fekk ein god pressedekning lokalt. [Hardingfela.no](#) arrangerte også kveldsdans på båtdekket i Jondal saman med lokale lag og Ullensvang kommune. Det var kring 40 dansarar frå 2 år til 80 år som deltok. Det var god omtale av toktet både i Hardanger Folkeblad og i Hordaland Folkeblad.

UngOsa

UngOsa er eit storkurs som hardingfela.no arrangerar i samarbeid med Osafestivalen. Dette var også 7. gongen UngOsa vart arrangert, denne gongen med ein solid deltakarrekord, og venteliste for å vere med. 72 utøvarar var fordelt på hardingfele, toradar, kveding, samspel og dans frå 6 år og oppover. I 2021 var det til samanlikning 60 deltakarar. Lokalitetane som vart nytta var Voss gymnas, Voss Vandrarheim, Voss ungdomshall og Gamlekinoen. I tillegg til å ha kurs fekk deltakarane også sjå premiera på familietingingsverket «Hest i huset». Det var sjokoladepappleik og mykje sosial aktivitet mellom undervisningsøktene. Ungdomane hadde også sin eigen ungdomsfest. Kurset hadde den store finalen under avslutningskonserten i Gamlekinoen. UngOsa tinga Astri Sudmann til å fortelje eventyret «Askeladden som stal sølvendene til trollet,» til å binde saman dei ulike innslaga til deltakargruppene. Det vart lagt ned mykje arbeid i førebuing, logistikk, manus og regi på førestillinga på førehand og resultatet vart over all forventning. UngOsa fekk god presseomtale både før og etter kurset.

Årets lærarar var:

- Arngunn Timenes Bell, Alexander Aga Røynstrand, Hallgrim Skjerdal og Arne Sølvberg på hardingfele.
- Inge Gjevre og Jon Amund Karusbakken på toradar
- Anna L.S. Gjendem og Nina Byttingsmyr på dans
- Malin Alander og Kari Finne Sognnæsi på kveding
- Geir Marius Thorud på samspel
- Astri Sudmann leika og fortalde for borna fredags kveld, var konfransier på sjokoladepappleiken og forteljar på avslutningsførestillinga.

Tilskotsgjevarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for UngOsa 2022:

Tilskot: KOMP (Norsk musikkråd), Vestland fylkeskommune, Voss herad, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Sparebanken Vest, Vekselbanken, Voss sparebank, Voss vandrarheim, Vossabakst, Hordaland folkemusikklag og Hordaland ungdomslag.

Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet fekk ein i 2020 sett i gang prosjektet Morgondagens felemakarar. 5 ungdomar frå Voss hospiterer i felemakarverkstaden 2 timar i veka, og i løpet av 3 år er planen at dei skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. For å få endå betre framdrift i arbeidet har ein i 2022 m.a. brukt ein planleggingsdag der ungdomane fekk jobba heile dagen med felene sine. Målet er å ha felene spelbare til Osafestivalen 2023. Avisa Hordaland hadde ein fin artikkel om satsinga i haust og Ingerid Jordal har laga ein ny film.

Morgondagens felemakarar har fått stønad frå Norsk Kulturråd, Vestland fylke og lokal stønad frå Voss herad og Sparebanken Vest.

Felefyllje – konsertar i museumstuna.

Solokonsertane i museumstuna til Hardanger og Voss museum som hardingfela.no organiserar og finansierar er eit populært og vellukka tiltak. Også i 2022 var det tre utøvarar som spela; Svein Laingen Kjerland (hardingfele) spela konsertar på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, Siri Nordgård (toradar) spela konsertar på Mølstertunet, og Ingrid Standal Sørheim (toradar) spela konsertar på Hardanger Fartøyvernssenter og Storeteigen. I løpet av juli heldt dei tre utøvarane til saman 200 konsertar på rundt 20 minutt lende. I 2021 gjorde ein ei endring på konsertane, der den fyrste av dei tre daglege konsertane var retta spesielt mot born. Dette vart ein suksess som Siri også heldt fram med også i 2022. Ingrid Standal Sørheim, som spelte i Kvam, inviterte med seg gjestemusikarar og hadde eit allsidig opplegg. For 2023 planlegg museet og hardingfela.no endå betre marknadsføring av konsertane.

Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend

Hardingfela.no var, før fylkessamanslåinga, sekretariat for folkemusikkstipenda til Hordaland fylkeskommune. Vestland fylke vidareførte ordninga, og Hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller på stipendvinnarar. Stipendet på kr. 60 000 gjekk i år til Sigrid Moldestad, og dei to ungdomsstipenda på kr. 25 000 kvar gjekk til Lukas Pawelka (felebyggjar på Ole Bull Akademiet og Mathilde Skjæret (hardingfelespetar frå Sogn)

Familieforestillinga «Har du sett nokon gamal kjerring» i museumstuna

Hardingfela.no har i 2022 samarbeidd med dei ulike museumsavdelingane om framsyningar av familieforestillinga «Har du sett nokon gamal kjerring» med Kari Finne Sognnæs og Astri Sudmann. Fyrste førestillinga var på Kabuso 24.april, og det var ei nydeleg stund med spanande forteljing, song og musikk. Både born og vaksne vart gripne av førestillinga. Seinare har førestillinga vore på besøk på Nesheimstunet, Skredhaugen, Hardanger Folkemuseum og Agatunet.

Ulike tiltak innan danseopplæring

Dansesatsing i Ullensvang: DKS tilbod og lærarkurs

Hardingfela.no har støtta opp under, og vore fagleg samarbeidspart/ sparrepartnar i høve Ullensvang kulturskule sitt DKS-tilbod *Hardingdans*. I dette tilbodet gjev kommunen 5.-6.trinn i Ullensvangskulen (9 skular) tilbod om 4 timar med folkedans i skulen. Tilbodet var nytt førre skuleår. Haldis Folkedal hadde då stillinga som dansepedagog. Hausten 2022 har Astri Sudmann vore instruktør. Hardingfela.no arbeidar tett med Ullensvang kulturskule for å skapa meirverdi ut frå dette gode tilbodet. Ein av aktivitetane i samaheng med DKS-tilbodet er lokale dansefestar i etterkant av skulebesøka. Her samarbeider ein med lokale krefter (som t.d. ungdomslag, spelemannslag, bygdekvinnelag og liknande). Dette er dansefestar kor generasjonsmøter og samværsdansen står sentralt og målet er å setje fokus på danseglede. Vonaleg vil det føra til at fleire (attåt elevane) får kjenna på denne, og at ein ynskjer å skipa til fleire dansefestar og tek dansen vidare i sosiale samkome i framtida.

I samarbeid med Ullensvang kulturskule og Norsk senter for folkemusikk og folkedans, skipa Hardingfela.no til ein seminar dag i september om bruk av dans i skulen. Her deltok det 9 lærarar frå fleire



av skulane i Ullensvang kommune. Det var ein god dag med mykje praktisk øving og refleksjon kring dans og bruk av dans med born og unge. Mange uttrykkjer at dei ynskjer meir påfyll og kompetanse rundt dans i skulen, og me ynskjer å fortsetje å gje dette tilbodet også til andre stader i regionen.

Forsking på Sør fjordspringar og folkedanssalong i Granvin

I samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans arrangerte Hardingfela.no Folkedanssalong i Granvin under ei søndagsøving til Hardanger spelemannslag i november. Saman med senteret held Hardingfela.no på med eit revitaliseringsprosjekt knytt til springartradisjon i Sør fjorden. Magne Velure er ein av dei som er involvert i dette prosjektet. I tillegg til å innehalda arbeid med analyse av materiale (film og lyd), nye intervju med ressurspersonar som har vore – og er – viktige bidragsytarar til at springaren har vore brukt og vidareført, er målet at arbeidet også skal munna ut i eit konkret produkt – ei meir 'levande' danseskildring med fleire lag med informasjon og materiale (tekst, lyd, video, bilete) som skal gjerast tilgjengeleg for alle.

Instruktørkurs på Voss

18.-20.november samarbeida Hardingfela.no med Noregs Ungdomslag og Voss Ungdomslag om barneinstruktørkurs i folkedans. Kurset vart halde i Ungdomshallen på Voss, og det kom deltakarar frå Troms til Lindesnes. Størsteparten av deltakarane – heile 14 personar – kom faktisk frå Hordalandsregionen. Det er ønskjeleg å få til fleire slike kurs i samarbeid med NU til vår region og vil arbeida med lokale lag og områdelaget (HU) for å få dette til.

Nokre fleire dømer på samarbeid med andre og div møter/ representasjonar m.m. 2022

- Deltaking på møter og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang kommune gjennom lokal DKS. Her har ein også vore delaktig i arbeid med å arrangere lokale møteplassar for dans i samband til dette danseprosjektet.
- Møter og statusoppdateringar/ dialog med lokale ressurspersonar på dans om lokale aktivitetar.
- Framlegging av arbeidet med revitaliseringa av Sør fjordspringartradisjon på nasjonalt Arkivseminar for folkemusikkarkivarar.
- Møter med dagleg leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag i høve aktivitetar og tiltak ein kan hjelpe kvarandre med.
- Samarbeid med ulike kommunar i Voss/ Hardanger i høve det førebuande arbeidet rundt ei utviding av distriktsmusikarordninga.
- Mykje rådgjeving til andre regionar som ynskjer å starta opp liknande satsing som «Nøringen», t.d. møter med Ål kulturskule og Sprang dansescene på Ål, div. kulturskular i Telemark m.m.

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet - Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer:

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjett for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB
- kompetansevurdering av tilsette skjer gjennom UiB
- UiB er representert i styret for Akademiet og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet - Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartnar for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad - The Higher Education Network of Traditional Music –vart i 2022 arrangert på Norges musikkhøgskole i Oslo.



Sidan 2009 har Griegakademiet og OBA vore med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane. Hausten 2022 ga Griegakademiet beskjed til dei nordiske samarbeidsinstitusjonane om at GA må revidere den norske delen av dette masterstudiet, og at ein difor ikkje kan ta opp studentar på den norske kvoten i 2023.

Ole Bull Akademiet er med i Musikknett Vest, eit nettverk for musikk institusjonar på Vestlandet som arbeider med utøvande og pedagogisk utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjø AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoff Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folkemuseum om omvisning for studentane våre på museet.

GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2021

Jo Asgeir Lie

- vart av Griegakademiet/UiB tilkjent kompetanse som fyrsteamanuensis frå 1. juni 2022
- har vore OBA sin representant i styret for Hardingfela.no
- Har, saman med Håkon Asheim, vore ein av hovudlærarane i valemnet Folkemusikkutøving ved Griegakademiet
- er styremedlem i Dextra Musica
- er styremedlem i Stiftelsen Lillehammer Museum
- er styremedlem i Kulturrom
- representerte OBA under 90-årsfeiringa av Sven Nyhus på Riksscenen i Oslo
- representerer OBA i arbeidsgruppa for nytt læreverk i folkemusikk og folkedans, saman med Norges musikkhøgskole, Universitetet i Sør-Øst Norge, Senter for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Noregs Ungdomslag
- representerte OBA under 50-årsjubileet til Toneheim Folkehøgskole
- saman med Håkon Asheim, delteke i fleire møte i den nystarta forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- har halde førelsingar om samspel og arrangering i norsk folkemusikk for bachelorstudentane ved Ole Bull Akademiet
- har vore hovudinstrumentlærer for to bachelorstudentar i 2022
- er lærar for trek bachelorstudentar på trekkspel bi-instrument ved Griegakademiet
- har saman med Arne Anderdal gjeve ut cd-produksjonen *50-7-52 Runddansslåttar frå Hallingdal*
- Vart, saman med folkemusikkgruppa Kvarts og Vokalensemblen Multa Pucis nominert til Folkelarmpris for produksjonen *Ved myrke midnattstid*
- Har saman med Kvarts spela ei rekkje konsertar, mellom anna under Gudbrandsdal musikkfest.
- har spela ei rekkje konsertar, m.a. saman med Signe Lygre Førre kvartett, Neon Vokal og Carl Petter Opsahl
- har spela *Folkemusikkmesse Ål kyrkje* (mellom anna ei digital gudsteneste under koronanedstenginga, og fleire fysiske gudstenester)

Håkon Asheim

- deltok i fleire koordinatormøte for studiet Nordic Master in Folk Music, og sat i eksamenskomité for studiet i juni og desember
- sat som fast medlem i programstyret for dei utøvande bachelor- og masterprogramma ved Griegakademiet, som studietilboda våre høyrer inn under
- saman med Jo Asgeir Lie, deltok i fleire møte i den nystarta forskingsgruppa GAFFI med fagleg tilsette ved Griegakademiet og OBA
- saman med Jo Asgeir Lie og Silje Solberg, organiserte og underviste i valemnet Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga fagplan for. 6 studentar fullførte emnet våren 2022, og 14 nye studentar starta opp om hausten.

- Hadde saman med Leif Ove Andsnes og Hilde Haraldsen Sveen opningsnummeret på Rosendal internasjonale kammarmusikkfestival i juli: Hardingtrio av Ketil Hvoslef (som han saman med Sveen og Einar Røttingen spelte inn på plate i 2019)
- deltok på 150-årskonsert om Olav Moe og heldt føredrag om Moe på Jørn Hilme-stemnet i juli
- spelte saman med Einar Steen-Nøkleberg og Ellen Marie Geithung på konsert for deltakarar og jury frå Edvard Grieg International Competition, som var på besøk på OBA i september
- hadde diverse oppdrag som musikal og dansespelemann
- arbeidde vidare med bok om Sigvald Rørlien for å dokumentere hans måte å byggje hardingfeler på.

Arne Anderdal

- sit i styringsgruppa for Osascena, samarbeid mellom Osafestivalen og Voss Spelemannslag om konsertar året rundt på Voss
- vitja alle 5. klassar på Voss gjennom Den kulturelle skulesekken, med folkedans/folkemusikk slag med danseinstruktøren Astri Sudman
- er musikalsk leiar og styreleiar i Voss Spelemannslag
- har saman med Jo Asgeir Lie gjeve ut cd-produksjonen *50-7-52 Runddansslåttar frå Hallingdal*
- Organiserte 25 minikonsertar i Finnesloftet for amerikanske turistar sommaren.
- Hadde konsertforedrag om historia rundt slåttan Fanitullen ilag med John Ole Morken på Fauskivalen i august.
- Var ansvarleg og forelesar på dommarkurs for FolkOrg.
- Ellers diverse speleoppdrag både som solist og saman med andre musikalrar.

Wiebke Lüders

- Fekk gullmedalje på Landskappleiken 2022 i Rjukan for hardingfele nr. 5, og sølvmedalje for hardingfele nr 4.
- Underviser (saman med Lukas Pawelka) fem ungdomar kvar veke i prosjektet *Morgondagens felemakarar*
- Driv no og fullfører den sjette hardingfela si. Også på denne blandar ho norsk hardingfelemakartradisjon med tysk barokkdekor
- Hadde pop-up verkstad (saman med Lukas Pawelka) på Ringve Museum i Trondheim 04.-10.07.22
- Hadde årleg tilsyn og vedlikehald av Dextra Musica sine hardingfeler, saman med Magnus Nedregård og Bård Riise Hoel
- utfører reparasjonsarbeid på hardingfeler, fiolar og bogar
- utført vedlikehald av cembaloen til Orkester Fossegripen
- Deltok på seminaret til Norsk Instrumentmakerforening 26.november

Lukas Pawelka:

- Fekk Vestland fylkeskommune sitt kulturstipend til eit forskningsprosjekt på Trond Botnen sine fiolar, der han skal rekonstruere ein slik gjennom teknisk teikning og bygging av ein kopi
- Held på å byggjer ei nyckelharpa saman med Wiebke Lüders
- Har arbeidd med å utvikle bruken av CNC-fresen, mellom anna til ulike tingingsoppdrag. Eit av desse er å lage ei form til å bygge skateboards med.
- Lagar gripebrett og stemmeskruer ved hjelp av CNC-fresen
- Lukas har også eit prosjektsamarbeid med luttmakaren Lars Tørressen i Bergen. Prosjektet har tittelen «Vår luft i felestille».
- Reparasjonar og oppsett av hardingfeler, fiolar og gitarar.

Vegar Vårdal

- Sluttførte prosjektet «Vor Suplicas» med Kultivator, bok og CD med eigenkomponert musikk basert på 250 år gamle tekstar
- Ga ut plata «Gol Variations» med One Small Step - folkemusikk i fri improvisasjon med stepp og jazzbass
- Prosjektet Barokk Boreal, med mellom anna Øyonn Groven Myhren, ga ut plata «Sanger om Død og Glæde av Dorothe Engelbretsdatter», tidligmusikk og folkemusikk.



- Ble vald til mentor for Hilmartalentet Ingrid Lingaas Fossum, som også er student ved OBA.
- På tampen av året gav Vegar ut «... og tøm saa en skaal for Waldemar Thrane», med nyfunne komposisjoner av Thrane. Vegar har arrangert og tilrettelagt dette for ulike små ensemble.
- Slutført prosjektet «Setesdalsfolk m/ Vegar», der han har vore i alle kommunane i Setesdal og laga et undervisningsopplegg med fokus på den immatrielle kulturarven som Setesdal er kjent for.
- Arrangerer og komponerer mykje for barn og unge, gjennom prosjektet «Folkemusikk for unge strykere».
- Er kurator for Riksscenen sitt program for barn og unge, LilleRiksen.

Tom Willy Rustad

- Spela, saman med Kvarter under Sven Nyhus sin 90-årsfeiring på Riksscena
- Domar Blømingfestivalen, toradarkonkurranse
- Kursleiar for kappleiksdomarar, saman med Arne Anderdal. Arrangement av FolkOrg
- Landskappleik på Rjukan. Var med på munnharpe, seljefløyte og torader.
- Dokumentasjon av avslutningskonserten på Strunkeveko.
- Nordisk musikk møte Konsert i Sør-Fron Kyrkje for blant anna flyktingane frå Ukraina som er busatt i Midtdalen.
- Spela på 20 års-jubileet til Tinde hytter, saman med Øystein Rudi.
- Solo konsert på Rudi i høve spelemannstreff.
- Kurs og konsert i Trondheim.
- Fire konsertar under Gudbrandsdal musikkfest
- Dansekurs for born i Sør-Fron
- Munnharpekurs for barn og ungdom i Torpo.
- Spelte til konsert og dans i høve folkemusikkpøb på Brenneriet i Lillehammer.
- Forelesning for folkemusikelevane på Vinstra vgs
- Fyrste masterstudentane uteksaminert ved Ole Bullakademiet.
- Video-foredrag for Forskarforumet ved Griegakademiet i Bergen.
- «Blås i folkemusikken» instrumentseminar om dei gamle folkelege blåseinstrumenta NFL.
- Nettpresentasjon av gudbrandsdalstradisjonen på munnharpe. Norsk-munnharpe.no
- Artikkel om etableringa av dei fyrste folkemusikkstudiene i Noreg.
- Artikkel om slåttespel på durspel. Både kjem ut i boka i høve FolkOrgs 100-årsjubileum.
- Vitenskapleg artikkel om susteren i Noreg, Kulturrådet.
- Vore med i redaksjonen for Musikk og Tradisjon, Noregs einaste vitenskaplege tidsskrift for folkemusikk.
- Intervju med Håkon Asheim om da han arbeidde med transkripsjon i Feleverket.



HEIMESIDE

På heimesida www.olebull.no finst informasjon og timeplanar for kurs og anna studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjå AS. Felemakarverkstaden har i tillegg eiga heimeside www.felemakeriet.no.

ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Sjukefråværet har i 2022 vore prega av ein del korttidsfråver knytt til korona og, etter kvart av influensa. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

LIKESTILLING

Det er i meldingsåret 6 kvinner og 7 menn tilsett ved Ole Bull Akademiet.

ANDRE TILHØVE

Styret har ikkje kjennskap til at stiftelsen er involvert i verksemd som medfører forureining av det ytre miljøet.

Voss, den 20. februar 2023

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Terje Støve
styreleiar

Iiril Schau Johansen
nestleiar

Frode Thorsen
styremedlem

Magne Espeland
styremedlem

Sigbjørn Hauge
styremedlem

Håkon Asheim
styremedlem

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 20 pages before this page
Dokumentet inneholder 20 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 20 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument inneholder 20 sider før denne side

Detta dokument innehåller 20 sidor före denna sida

Jo Asgeir Lie

ae8f8c6c-fdd3-438f-a066-57e50ab69f71 - 2023-02-23 19:57:01 UTC +02:00
BankID - 6dfe3b17-308d-4efa-85b9-b8054ba79033 - NO

Magne Ingolv Espeland

c8108a04-97fd-4200-80e3-c19285b7649c - 2023-02-23 22:35:44 UTC +02:00
BankID - 688d59d6-fdd9-45de-9d9a-17530c518b6e - NO

Frode Skadberg Thorsen

cb0b9f45-0411-4483-b202-15d9722d40b8 - 2023-02-24 10:23:43 UTC +02:00
BankID - e5901867-8c6a-4e55-b18b-408ffd1a7175 - NO

Håkon Fredrik Asheim

12fd271b-d163-4dee-9941-451329861e89 - 2023-02-24 11:24:21 UTC +02:00
BankID - 43c8698b-68bb-4e23-ad7f-31b9a8dc7974 - NO

Sigbjørn Hauge

93ab9f58-f6a3-4b79-8205-6e5808641987 - 2023-02-24 15:44:36 UTC +02:00
BankID - 58dc3666-70e6-4a1f-8d74-d09af78efc6c - NO

Terje Støve

2112f00d-a531-4f06-a5b1-77486ac0ddfd - 2023-02-26 23:01:12 UTC +02:00
BankID - d3fc8e43-ae52-4bd1-8d12-f5bf8a13fe95 - NO

Iiril Kirstine Schau Johansen

b8e9132b-3959-47bf-a410-689b5eb45d00 - 2023-02-28 00:21:28 UTC +02:00
BankID - f654c16e-9023-4906-a95e-2b6b3759adf1 - NO

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/98ffe831-0385-45de-86d9-b5cec057a931>

visma sign
www.vismasign.com



Årsrekneskap 2022

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

Årsmelding
Resultatregneskap
Balanse
Notar til rekneskapen

Org.nr.: 964 009 805



Resultatregnskap			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Driftsinntekter	Note	2022	2021
Inntekt av kursopphald		495 100	409 000
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	125 000
Tilskot frå fylke		460 000	495 000
Tilskot frå UFD		2 878 000	2 839 000
Tilskot frå Kulturdepartementet		6 415 000	6 290 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		1 130 904	873 222
Sum driftsinntekter		11 504 004	11 031 222
Honorar innleigde tjenester	1	1 351 111	1 141 200
Lønn, feriepengar	1	5 038 025	4 913 641
Arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, andre ytingar	1	1 340 764	1 253 241
Avskrivningar	2	53 000	53 200
Husleiga	6	2 105 114	1 764 000
Læremidler, utstyr		86 650	106 134
Honorar rekneskap, revisjon		162 973	152 042
Kontorrekvisita, telefon, porto		94 282	99 150
Litteratur, musikk, instrument		28 742	39 636
Reise og møtekostnader		1 312 969	922 813
Bil- og diettgodtgjersle		55 809	49 630
Diverse kostnader		98 726	103 633
Annan driftskostnad		23 751	12 704
Sum driftskostnader		11 751 914	10 611 024
Driftsresultat		-247 910	420 198
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		10 211	7 789
Annen finansinntekt		9 292	9 356
Rentekostnader		669	2 006
Sum finansinntekter		18 834	15 139
Årsresultat	5	-229 076	435 337
Overføring			
Avsett til annan eigenkapital		0	435 337
Overført frå annan eigenkapital		-229 076	0
Sum overføringar		-229 076	435 337
Stiftelsen Ole Bull Akademiet		Side 2	



Balanse			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Eigedelar	Note	2022	2021
Anleggsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		142 140	142 140
Instrument		20 000	37 000
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	93 000	129 000
Sum anleggsmidlar	2	<u>255 140</u>	<u>308 140</u>
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	6	6 000 000	6 000 000
Innskotsfond/premiefond		1 491	598
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>6 001 491</u>	<u>6 000 598</u>
Sum anleggsmidlar		<u>6 256 631</u>	<u>6 308 738</u>
Omløpsmiddel			
Kundekrav	3	1 059 649	805 517
Andre kortsiktige krav	6	279 243	54 008
Bankinnskott	4	1 263 666	1 825 698
Sum omløpsmiddel		<u>2 602 557</u>	<u>2 685 223</u>
Sum eigedelar		<u>8 859 189</u>	<u>8 993 961</u>
Stiftelsen Ole Bull Akademiet		Side 3	



Balanse			
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
Eigenkapital og gjeld	Note	2022	2021
Innskoten egenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskoten egenkapital		<u>501 427</u>	<u>501 427</u>
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital		6 187 500	6 416 576
Sum opptjent egenkapital		<u>6 187 500</u>	<u>6 416 576</u>
Sum egenkapital	5	<u>6 688 927</u>	<u>6 918 003</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	624 982	268 743
Skuldig skattetrekk		262 077	247 718
Skuldig arbeidsgjevaravgift		246 634	232 867
Skuldig feriepengar og lønn		637 846	582 910
Gjeld til Kringsjø AS	6	0	339 067
Anna kortsiktig gjeld	7	398 723	404 654
Sum kortsiktig gjeld		<u>2 170 262</u>	<u>2 075 958</u>
Sum gjeld		<u>2 170 262</u>	<u>2 075 958</u>
Sum gjeld og egenkapital		<u>8 859 189</u>	<u>8 993 961</u>
Voss, 20.02.2023 Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet			
_____ Terje Støve styreleiar	_____ Iiril Schau Johansen nestleiar	_____ Frode Thorsen styremedlem	
_____ Magne Espeland styremedlem	_____ Sigbjørn Hauge styremedlem	_____ Håkon Asheim styremedlem	
	_____ Jo Asgeir Lie dagleg leiar		
Stiftelsen Ole Bull Akademiet			Side 4



Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2022

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskaper er alle postar verdsett og periodiserte i samsvar med bestemmingane i rekneskapsloven og reglane som fylgjer av god rekneskapskikk.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld tilknytt varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kostpris etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er berekna på grunnlag av kostpris og antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for vurdert avsetjing til forventta tap.

Aksjar

Aksjar er ført opp i rekneskaper til kostpris. I tilfelle verkeleg verdi er lågare enn kostpris - og dette ikkje er av forbigåande karakter, er det føreteke nedskriving.

Skatt

Selskapet er skattefri institusjon etter skatteloven.

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2022

Note 1 Lønskostnader og ytingar

Lønskostnader	2022	2021
Honorar innleigde tenester	1 351 111	1 141 200
Lønn, feriepengar	5 038 025	4 913 641
Arbeidsgjevaravgift	870 943	797 602
Pensjonskostnader	392 246	381 370
Andre ytingar	77 575	74 270
Sum lønskostnader og ytingar	7 729 900	7 308 082

Økonomisk yting til Osafestivalen AS

Stiftelsen Ole Bull Akademiet har dekket lønnsutgifter for ansatte i Osafestivalen AS. Det er i denne sammenheng kostnadsført kr. 560 515 i rekneskapen til Stiftelsen Ole Bull Akademiet som gjelder lønskostnader i Osafestivalen AS. Dette beløpet er inkludert i sum lønskostnader og ytingar i tabellen overfor.

Årsverk

Stiftelsen har i 2022 sysselsett 9 årsverk.

Note 2 Anleggsmiddel

	Driftslauseyre, inventar ol	Instrument	EDB, kontorutstyr
Innkjøpskostnad pr. 01.01.22	686 467	393 118	238 662
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel			
= Innkjøpskostnad 31.12.22	686 467	393 118	238 662
Akkumulerte avskrivningar 31.12.22	609 467	373 118	222 662
= Bokført verdi 31.12.22	77 000	20 000	16 000
Ordinære avskrivningar dette året	26 000	17 000	10 000
Økonomisk levetid	4-10 år	8-10 år	4 år
			Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.22		0	1 318 246
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel		0	0
= Innkjøpskostnad 31.12.22		0	1 318 246
Akkumulerte avskrivningar 31.12.22			1 205 246
= Bokført verdi 31.12.22		0	113 000
Ordinære avskrivningar dette året			53 000
Økonomisk levetid			

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2022

Note 3 Kundekrav

	2022	2021
Kundefordringar	1 059 649	805 517
Opptent ikkje fakturert inntekt	0	0
Sum	1 059 649	805 517

Note 4 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) utgjør kr. 262 077 pr. 31.12.

Samla bankinnskot pr.31.12.2022 som er Stiftelsen Ole Bull Akademiet sine egne midlar utgjør kr. 1 263 665

Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet forvaltar i tillegg desse fonda:

Fond	31.12.2022	31.12.2021
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	124 904	124 014
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	38 463	38 334
Liv og Knut Klemmetsens fond	12 475	12 420
Sum	175 842	174 768

Note 5 Eigenkapital

	Innskoten kapital	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital Per 01.01.2022	501 427	6 416 576	6 918 003
Årets resultat		-229 076	-229 076
Per 31.12.2022	501 427	6 187 500	6 688 927

Note 6 Mellomvære med dotterselskap

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig 100% av aksjekapitalen i Kringsjå AS og Osafestivalen AS.

Fordringar pr. 31.12.	2022	2021
Kringsjå AS	207 100	0
Osafestivalen AS	0	0
Sum fordringer	207 100	0

Stiftelsen Ole Bull Akademiet



Stiftelsen Ole Bull Akademiet

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2022

Gjeld pr. 31.12..	2022	2021
Kringsjø AS	-300 000	- 339 067
Osafestivalen AS	0	0
Sum gjeld	-300 000	-339 067

Skyldig kr. 300 000 til Kringsjø AS pr. 31.12.2022 er bokført som leverandørgjeld.

Sjå note 1, "lønskostnader og ytingar," for informasjon om økonomisk yting til Osafestivalen AS.

Det vert med henvisning til reglane for små føretak ikkje utarbeida konsernregnskap.

Note 7 Tilskot til "Forprosjekt til ny visningsverkstad for hardingfelemakeri."

Det vart i 2021 løyvd kr. 600 000 til Stiftelsen Ole Bull Akademiet ifrå Kulturdepartementet. Tilskotet var eit eingongstilskot til "Forprosjekt ny visningsverkstad for hardingfelemakeri." Utgifter påløpt på prosjektet i Stiftelsen Ole Bull Akademiet utgjer pr. 31.12.2022 kr. 236 316,50.

Utgiftene/kostpris kr. 236 316,50 er bokført/balanseført under grupperinga anleggsmidlar. Nytt tilskot er bokført slik: Kr. 236 316,50 til fråtrekk i utgifter / kostpris (nettoføring). Restbeløp som ikkje er nytta, er bokført under anna kortsiktig gjeld, sum kr. 363 683,50.

Stiftelsen Ole Bull Akademiet

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 8 pages before this page
Dokumentet inneholder 8 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 8 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument inneholder 8 sider før denne side

Detta dokument innehåller 8 sidor före denna sida

Jo Asgeir Lie

e78edf16-3bac-41d6-8f45-979318d4c8b5 - 2023-02-23 19:58:20 UTC +02:00
BankID - ab9b0413-8b8c-42b8-91fe-3487d1c26bc3 - NO

Håkon Fredrik Asheim

27dacc09-98b4-46be-a3b9-66de6454de24 - 2023-02-24 09:25:43 UTC +02:00
BankID - db9d383c-a18d-4580-a2ff-7660eca68ae0 - NO

Frode Skadberg Thorsen

ffe895af-a777-420d-9b21-a645fb6ad457 - 2023-02-24 10:22:23 UTC +02:00
BankID - 654d3c87-fe44-4977-b075-c0862d4be2dd - NO

Sigbjørn Hauge

2f59a987-6233-41ca-9fb9-418c9ef82cb3 - 2023-02-24 15:48:50 UTC +02:00
BankID - 40629411-8b74-4c88-9ae2-8cf05a13fd6e - NO

Terje Støve

bbb58b34-9f1d-412e-9df6-fcb687c4d635 - 2023-02-26 23:01:12 UTC +02:00
BankID - d31c8e43-ae52-4bd1-8d12-f5bf8a13fe95 - NO

Magne Ingolv Espeland

66739d2d-fea2-4d36-bd75-a5f7f89bc9ac - 2023-02-27 11:33:59 UTC +02:00
BankID - 64194692-581d-4a98-949f-e1563f7e8c13 - NO

Iril Kirstine Schau Johansen

da79fd8-ed47-482d-ac5d-e75b7e91925f - 2023-02-28 00:19:14 UTC +02:00
BankID - 99e733ee-24ed-4b02-b2dd-4a1bb34f6111 - NO

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmeckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/038dff3b-3634-4f73-90f2-5df785c5070b>

visma sign
www.vismasign.com